

REFERAT

År 2006, den 11. mai kl. 12:00 vart det halde årsmøte i Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA, styrt av leiaren i bedriftsforsamlinga, Karstein Bremnes. Møtet vart halde i Bergen.

Til stades:

Tal møtande aksjeeigarar og fullmektigar :	83
Sum møtande aksjar :	442.669
Sum røyster i plenum :	336
+ 6 aksjeeigarar som fekk avgrensa røysteretten etter § 12 i vedtektene.	192
I alt	528
Maksimalt røystetal 32 22 (Rettet ved etterkontroll)	

M. Nam *Arild*
Bedriftsforsamlinga sin leiar, Karstein Bremnes ønskte aksjeeigarane vel møtt og refererte saklista for møtet :

1. Opning av årsmøtet v/bedriftsforsamlinga sin leiar – jfr. § 10 i vedtektene.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av aksjeeigar til å underteikna protokollen saman med møteleiar.
4. Årsoppgjeret 2005 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.
5. Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar.
6. Regulering av godtgjersla til medlemene av bedriftsforsamlinga
7. Val på medlemer og varamedlemer til bedriftsforsamlinga.

1. Opning av årsmøtet v/bedriftsforsamlinga sin leiar.

Etter § 10 i selskapet sine vedtekter er det leiaren i bedriftsforsamlinga som skal leia årsmøtet og dermed også opna møtet.

Møteleiaren opplyste at fullstendig oversikt over dei aksjeeigarar som møtte sjølv, eventuelt ved fullmektig, og kor mange aksjar og røyster som var representert, var tilgjengeleg i registreringslokalet. Han opplyste at tal for dette på vanleg måte ville bli opplyst i møtet.

Møteleiaren opplyste at revisor var til stades.

Det var ikkje merknader.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Møteleiaren opplyste at aksjeeigarane var kalla inn til årsmøte med 2 vekers varsel i samsvar med § 10 i vedtektene.

Det kom ikkje merknader til innkalling og sakliste og møtet vart erklært lovleg innkalla og sett.

Møteleiaren gjorde framlegg om at det utanom dei ordinære sakene vart gitt ei orientering om intensjonsavtalen mellom HSD ASA og Gaia Trafikk ASA, etter handsaminga av sak 6 på saklista. Det var ikkje merknader til dette.

3. Val av aksjeeigar til å underteikna protokollen saman med møteleiar.

Bjarne Storheim vart vald til å skriva under møtereferatet saman med møteleiaren.

Møteleiaren gjorde framlegg om følgjande som medlemmer av teljekorps dersom det vart skriftlege røystingar i plenum :

Norvald Nesse
Johs. A. J. Byrkjeland
Kåre Rolvsvåg
Nils-Ole Hisdal
Per Ove Uthaug,

leia av statsautorisert revisor Geir Inge Lunde.

Det var ikkje merknader.

4. Arsoppgjeret 2005 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet.

Årsoppgjeret omfatta resultatrekneskap og balanse for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet, og styret si årsmelding.

Møteleiaren viste til at aksjeeigarane hadde fått tilsendt fullstendig årsoppgjer, med m.a. resultatrekneskap og balanse og styret si årsmelding, for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet. Han opplyste at aksjeloven ikkje har føresegn om at årsrekneskapen og årsmeldinga skal lesast opp.

Konsernsjef Dagfinn Neteland kommenterte hovudpostane i resultatrekneskapen og balansen, og gav ei orientering om drifta i konsernet.

Om drifta i konsernet kom han m.a. inn på utviklinga innan HMS. Utviklinga var positiv når det gjeld skadar, både personskadar og materielle skadar. Utviklinga av sjukefråværet var derimot negativ i forhold til dei mål som var sett.

Det hadde ikkje vore alvorlege hendingar i 2005, men ulike mindre hendingar hadde likevel fått stor merksemd i mediene.

Vidare kom konsernsjefen inn på resultat og hovudtrendar i 2005 for konsernet og dotterselskapa :

Om HSD Buss vart nemnt

- Svak marknadsutvikling, ca. 0,18 % vekst i ordinære ruter
- Gode resultat på tur- og ekspressbussaktivitetane,
- Kompetansekurs for alle tilsette
- Øk. resultat over budsjett
- Høg oljepris gjennom heile året, delar av avviket vart kompensert i avtalen med fylket
- Førebuing av anbodet på Haugalandet
- Nytt billetteringssystem vedteke i Hordaland

HSD Sjø:

- Positiv marknadsutvikling, 2,99% for kjøretøy og 0,74% vekst på passasjerar
- Historisk godt driftsresultat
- Endra inntekts-/avskrivingsprinsipp på ferje i 2005 og 2004
- Flagggruten belasta rekneskapen med ca. 9 mill
- Vann hurtigbåtanbodet i Sunnhordland i samarbeid med Fjord 1
- Vunne fleire ferjeanbod saman med Stavangerske
- Selde 2 ferjer med salsvinst ca. 11 mill

For konsernet totalt var 2005 prega av :

- Historisk godt driftsresultat i jubileumsåret 2005
- Fortsatt positiv utvikling på HMS, med anntak for sjukefråværet
- Selde HSD Transport etter ein lang prosess
- Vedtok omlegging av Flagggruten frå 1. januar 2006
- Flytta til nytt bygg 1. juli
- Markeringar av 125 års jubileumet, jubileumsboka
- Stor aktivitet omkring planane om Vestlandsselskapet

1. kvartal 2006 hadde noko betre marknadsutvikling enn venta. Kostnadsutvilginga var om lag som føreset.

Statsautorisert revisor Geir Inge Lunde, PricewaterhouseCoopers DA, las konklusjonen i revisjonsmeldinga.

Møteleiaren opplyste deretter at bedriftsforsamlinga i møte 4. april 2006 hadde hatt føre årsoppgjeret for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet. Bedriftsforsamlinga hadde samrøystes rådd årsmøtet til å fastsetja årsoppgjeret i samsvar med framlegget. Bedriftsforsamlinga hadde i same møte gjort vedtak om at det skulle bli betalt utbytte til aksjeeigarane for 2005 med kr 15,- pr. aksje til dei som eig aksjar i selskapet pr 11. mai 2006, med atterhald om årsmøtet si godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Ordet var deretter fritt, og 3 aksjeeigarar hadde ordet til spørsmål og kommentarar i

samband med årsoppgjeret og konsernsjefen si orientering.

Årsmøtet gjorde deretter følgjande

vedtak : Årsmøtet fastset den framlagde resultatrekneskapen og balansen, med styret si årsmelding, som rekneskapen til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA og konsernet for 2005.

Det blir betalt utbytte for 2005 med kr 15,- pr aksje til dei som eig aksjar i selskapet pr. 11. mai 2006.

Vedtaket var samrøystes

5. Vidareføring av fullmakt til styret om kjøp av egne aksjar

I utgreiing til sak 5 som var sendt ut saman med innkallinga til møtet gjekk fram at styret hadde gitt slik tilråding til bedriftsforsamlinga :

Ved vedtak i årsmøtet 12. mai 2005 fekk styret fullmakt til å kjøpa egne aksjar for inntil 10 % av aksjekapitalen. Fullmakta gjeld i 12 månader frå årsmøtedatoen 12. mai 2005. Styret bør ha ei ståande fullmakt til kjøp av egne aksjar inntil 10 % av aksjekapitalen.

På denne måten vert det etablert ein mogleg handlefridom med tanke på eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjer i HSD-aksjar, samt løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet.

Bedriftsforsamlinga hadde i møte 4. april 2006 slutta seg til styret si tilråding og framlegg til vedtak.

Vedtak :

1. Styret i Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA får fullmakt til på vegner av selskapet, å kjøpa egne aksjar for samla pålydande inntil kr 1.754.416,-, som tilsvarar 10 % av den noverande aksjekapital.
2. Høgste sum som kan betalast pr. aksje er kr 600,-, minste kr 150,-.
3. Kjøp og avhending av egne aksjar kan skje slik styret finn føremålstenleg. Dette for å leggja til rette for eventuelle kjøp av egedelar/verksemd mot oppgjer i HSD-aksjar, samt eventuelle løysingar der HSD-aksjar kan nyttast som vederlag ved fusjonar. Kjøp av egne aksjar kan også leggja til rette for å knyta andre verksemdar til selskapet. Kjøp kan skje over børs eller direkte frå eigarane.
4. Fullmakta gjeld i 12 månader rekna frå årsmøtet 11. mai 2006.

5. Dersom egne aksjar blir selde, gjeld fullmakta også kjøp av egne aksjar til erstatning for dei som vert selde, så lenge summen av egne aksjar ikkje overstig 10 % grensa.

Vedtaket var samrøystes.

6. Regulering av godtgjersla til medlemene av bedriftsforsamlinga

Møtegodtgjersla til medlemene av bedriftsforsamlinga vart endra i 2002 etter å ha vore uendra i fleire år. Godtgjersla var no kr 1.500,- pr møte. I tillegg får bedriftsforsamlinga diett og km-godtgjersle etter staten sine satsar.

Det låg føre framlegg om regulering av møtegodtgjersla til kr 3.000,- pr møte. Godtgjersla til leiaren i bedriftsforsamlinga hadde til no vore lik godtgjersla til medlemene av styret. Tidlegare praksis med at leiaren tok del i dei fleste styremøta i tillegg til å leia bedriftsforsamlinga og årsmøtet, vart endra i 2004. Leiaren tek såleis no berre del i nokre få styremøte. Av saksutgreiinga gjekk fram at det likevel burde gjerast ei mindre justering av godtgjersla.

Vedtak :

Godtgjersla til medlemene av bedriftsforsamlinga blir regulert til kr 3.000,- pr. møte frå 1. januar 2006.

Godtgjersla til leiaren i bedriftsforsamlinga blir regulert frå kr 50 000,- til kr 60.000,- pr. år frå 1. januar 2006.

Vedtaket var samrøystes

Møteleiar gav deretter ordet til styreleiar Jakob Bleie som, utanom den ordinære saklista, gav ei orientering om intensjonsavtalen mellom HSD ASA og Gaia Trafikk AS om mogeleg integrasjon av dei to selskapa.

7. Val på medlemmer og varamedlemmer til bedriftsforsamlinga

Møteleiar viste til oversynet over bedriftsforsamlinga i sakspapira til årsmøtet, der det gjekk fram kven som var på val i 2006.

Han orienterte om at vallister var lagt ut i vallokalet, og at listene var merka med nummer på krinsen. Valnemnda hadde ikkje motteke andre lister enn dei som valnemnda hadde lagt fram.

Møteleiaren refererte deretter kven som var oppnemnde til medlemmer av røystestyra, og oppmoda aksjeeigarane om å gå til val - kvar i sin krins - og opplyste om kor røystinga

skulle skje.

Møteleiaren takka til sist styret, administrasjonen og alle tilsette på sjø og land for god innsats i året som var.

Resultatet av valet går fram av dei neste sidene av referatet.


Bjarne Storheim


Karstein Bremnes